

# NYFIKEN PÅ KVA SEGLING ER?

- Laurdag 12. & søndag 13. nov.
- 9 lag seglar turnering
- Start kvar heile time frå 10-16
- Følg med innomhus frå USF
- Livesending på storskjerm
- Gratis inngang – open bar!



## OPPLEV REGATTA PÅ NÆRT HALD!

Kappsegling er vanlegvis ingen tilskodarsport. Dette vil BSI Seiling gjera noko med. Difor inviterar me deg til å fylgja vår publikumsvenlege regatta rett utanfor Kulturhuset USF.


Regattaen finn stad laurdag 12. og søndag 13. november. 9 lag seglar turnering med 3 like båtar av typen Albin Express. Seglasane skjer på ein kort, men intens bane rett utanfor USF slik at tilskodarar har full oversikt over kva som skjer heile tida. Ny regatta med nye lag startar kvar heile time frå 10-16 bae dagar.

**Du er hermed invitert til å oppleve denne spanande regattaen på nært hald innomhus frå Kulturhuset USF. Der finst open bar og høve til å kjøpa varm mat og drikke. Seglasane vert sendt live på storskjerm og det er kamera både på land og utpå sjøen. Velkommen på regatta!**

BSI Seiling si heimeside:  
[www.bsi.no/seiling](http://www.bsi.no/seiling)

Invitasjon til regattaen:  
<http://www.student.uib.no/~st07441/bsi/Novemberregatta.pdf>

Reglar for regattaen:  
<http://www.student.uib.no/~st07441/bsi/Seglingsvedtekter%20BSI-regatta.pdf>



## Om BSI Seiling

BSI Seiling er ein segklubb for studentar i Bergen og vart starta hausten 1997. Sidan då har klubben drevet svært aktivt og kjøpt eigen båt, som fleire gongar er skifta ut i nyare og betre båtar. No disponerer BSI Seiling to seglbåtar av typen Albin Express. Klubben er tilslutta allianseklubben *Bergens Studentenes Idrettslag* og *Norges Seilforbund*. BSI Seiling ynskjer å vera ein klubb for alle, både sportsleg og sosialt. Medlemmane varierar difor frå nybyrjar til svært aktive regattaseglarar. Aktivitetane våre vekslar frå vanleg medlemssegling på Byfjorden kvar ettermiddag året gjennom (meir enn 400 turar årleg!), regattasegling, nybyrjarkurs, sosiale medlemsmøter, mannskapsformidling til regattasegling på andre båtar, sosiale helgeturar og lengre seglturar både i Norge og utanlands. I 2005 har klubben hatt ein stor medlemsauke, medlemstalet er no passert 140 og aktiviteten er i sterk vekst. For tida byggjer klubben klubbhus i tilknytning til hamneplassen i Dikkedokken på Nordnes.


## Spørsmål?

Ta kontakt med Kjell Magnus Økland

[kjellmag@gmail.com](mailto:kjellmag@gmail.com)

95 04 67 39

Regatta-ansvarleg



Fakta Albin Express: lengd 7,77 m - breidd 2,49 m - djupn 1,45 m

# Fart og spaning ved USF 12. & 13. november

## VELKOMEN!



Start kvar heile time frå 10-16 begge dagar. Finalar frå sundag kl. 13!